



DET KONGELEGE  
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT

Kulturdepartementet  
Postboks 8030 Dep  
0030 OSLO

Dykkar ref  
14/2588

Vår ref  
14/2153-

Dato  
29.08.2014

### Høyring - framlegg til endringar i stadnamnlova

Klima- og miljødepartementet viser til brevet datert 2. juni i år med framlegg til endringar i stadnamnlova. Vi ser av oversikten over høyringsinstansar at Riksantikvaren ikkje er med på lista. Klima- og miljødepartementet har derfor sendt utkastet vidare til Riksantikvaren for å få kommentarar derfrå.

Skrivemåten for stadnamn er viktig for kulturminneforvaltinga, mellom anna fordi Riksantikvaren har ansvaret for det eigedomsbaserte, digitale registeret over kulturminne. Utvikling av gode, digitale register inngår som eit viktig grunnlag i Klima- og miljødepartementet si pågåande satsing Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltinga. Formålet med prosjektet er å sikre at forvaltinga får gode, digitale register, rapporterings- og saksbehandlingsverktøy som både gjev gode styringsdata og effektiviserar saksbehandlinga og forvaltinga.

Derfor er det uheldig at Kulturdepartementet ikkje har satt Riksantikvaren opp på lista over direkte mottakarar av denne høyringa. Riksantikvaren var heller ikkje med som høyringsinstans ved høyringa av den same lova i 2012. Klima- og miljødepartementet vil derfor be om at Kulturdepartementet inkluderar Riksantikvaren i framtidige høyringar på dette området.

Klima- og miljødepartementet sluttar seg til Riksantikvaren sine kommentarar, som følgjer som vedlegg til dette brevet. Utover det har Klima- og miljødepartementet ingen merknader.

Med helsing

Berit Halvorsen(e.f.)  
avdelingsdirektør

Marianne Moltke-Hansen  
Seniorrådgjevar

Kopi: Riksantikvaren

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskriven signatur.*